



MØTEPROTOKOLL

PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET

Møtedato: 24.06.2026**Møtestad:** Formannskapsalen, 3. et.
Bjørnafjorden rådhus**Møtetid:** 09:31 - 15:35**Behandla saker:** 54-72/2026

Møteleiar:	Parti:
Hans Vindenes	H

Møtedeltakarar:	Parti:
Bjarte Samnøy	KrF
Gustav Bahun	FrP
Hans Vindenes	H
Kristin Søfteland-Larsson	H
Line Furubotn Storum	Ap
Marie Hauge	MDG
Ole Viggo Skaathun	FrP
Terje Sperrevik	SP
Thrude Scheie Mellingen	FrP

Forfall meldt frå følgjande medlemmer:	Parti:
Frank Hårvik	INP

Følgjande varamedlemmer møtte:	Parti:
Bjarte Samnøy	KrF

Frå administrasjonen møte:

Kommunalsjef Eystein J. Venneslan, konstituert byggesaksjef Andrea Heitman Olsen, konstituert plansjef Kaisa Tonheim Banne, leiar Prosjektavdelinga Grete Nesheim, rådgivar Prosjektavdelinga Asbjørn Johannessen, arealplanleggar Anna Tjosås, rådgivar Planavdelinga Sara Brattfjell Heggland, leiar Samferdsel Agnete Haugland, barnetalsperson Erik Vangsnes og utvalssekretær Mari Lyssand

Orientering:

Regionleiar Trygg Trafikk Vestland Knut Olav Nestås orienterte i sak 72/2026.

Møteprotokoll blir elektronisk godkjend i påfølgande møte.

Sakliste

Saksnr	Arkivsaksnr./Tittel
54/2026	26/5973 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste
55/2026	26/5973 Nytt frå administrasjonen
56/2026	26/5973 Status planarbeid
57/2026	23/6318 1. gangs behandling av parkeringsanlegg i fjell og kollektivterminal, Osøyro
58/2026	20/1386 Orientering om framdrift for områdeplan for Strandvik
59/2026	26/4824 Orientering om oppstart av planvask av reguleringsplanar
60/2026	22/1906 Aldalen akvakulturområde - behandling av klager over vedtak om godkjenning av detaljreguleringsplan
61/2026	26/3243 Ny forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatingar på hjort, samt fellingsavgift for hjort i Bjørnafjorden kommune
62/2026	24/16 Handsaming av søknad om tilskot frå det kommunale viltfondet til støtte for gjennomføring av prosjektet «Kan termiske dronar gje oss bestandsstruktur og tettleikfor rådyr og hjort?»
63/2026	25/23847 Behandling av klage - 25/23847 44/478 - Halhjemsmarka 229 - Nybygg einebustad
64/2026	25/19232 Behandling av klage - 26/6 - Lønnevågvegen 110 - Riving av fritidsbustad og nybygg einebustad
65/2026	25/16202 Behandling av klage - 31/174 - Lepsøyvegen - Nybygg einebustad
66/2026	25/25594 Behandling av klage - 54/626 - Kolskogheiane 3 - Bruksendring frå kontor til leilegheiter
67/2026	25/4594 Behandling av klage - Vedtak etter forenkla prosess - Bjørnevik, Halhjem, 45/28

- 68/2026** 26/660
Delegasjon av mynde for klagebehandling - 63/548,
Haugsneset 11B - Nybygg einebustad med garasje
- 69/2026** 26/5973
Referatsaker
- 70/2026** 26/5973
Delegerte saker
- 71/2026** 26/5973
Politisk kvarter
- 72/2026** 26/2396
Innkomne innspel etter høyring

54/2026 - GODKJENNING AV INNKALLING, MØTEPROTOKOLL OG SAKLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 22.04.2026 blei godkjend.
Det var ingen merknader til saklista.

Behandling og vedtak i sak 54/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Utvalsleiar Hans Vindenes foreslo å behandle sak 56, 58, 59/2026 tidleg i møtet, for å få orienteringar før plansjefen må vidare.

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 22.04.2026 blei godkjend.
Saklista blei godkjent med merknader.

55/2026 - NYTT FRÅ ADMINISTRASJONEN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

Behandling og vedtak i sak 55/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 72/2026.

Kommunalsjef samfunnsutvikling Eystein Venneslan orienterte:

- Det vil bli sett ut benkar i regi av Pensjonistforeninga. Dette er til godkjenning no på samferdsel. Det er viktig med plasseringane i høve trafikksikring, at kommunen godkjenner dette der ein er grunneigar og at benkane blir tatt vekk igjen i november av omsyn til vinteren og brøyting.
- Brugata blir opna i ferien.
- Hatvikvegen blir ferdigstilt kring krysset mot Hegglandsdalen. Framleis ikkje gjennomført ny konkurranse etter entreprenør (VLFK)

Vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

56/2026 - STATUS PLANARBEID

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

Behandling og vedtak i sak 56/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 54/2026.
Konstituert plansjef Kaisa Tonheim Banne orienterte.

Vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

57/2026 - 1. GANGS BEHANDLING AV PARKERINGSANLEGG I FJELL OG KOLLEKTIVTERMINAL, OSØYRO

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan-, bygg- og miljøutvalet gjer følgjande vedtak:

Framlegg til detaljreguleringsplan for parkeringsanlegg i fjell og kollektivterminal, Osøyro blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-11, jf. 12-10.

Behandling og vedtak i sak 57/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahun, Fremskrittspartiet

57/2026 1. gangs behandling av parkeringsanlegg i fjell og kollektivterminal, Osøyro

Framlegg til detaljreguleringsplan for parkeringsanlegg i fjell og kollektivterminal, Osøyro blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn når det er lagt inn avkøyringspil til Stegen 1 frå sør.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-11, jf. 12-10.

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 55/2026.

Leiar Grete Nesheim og rådgivar Asbjørn Johannessen frå Prosjektavdelinga og arealplanleggar Anna Tjosås frå Planavdelinga orienterte.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk ingen stemmer, og fall.

Alternativt forslag til vedtak frå FrP, H, KrF, fremma av Gustav Bahun, FrP, blei einstemmig vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva for pause klokka 13.40.

Vedtak:

Framlegg til detaljreguleringsplan for parkeringsanlegg i fjell og kollektivterminal, Osøyro blir lagt ut til høyring og offentlig ettersyn når det er lagt inn avkøyringspil til Stegen 1 frå sør.

Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-11, jf. 12-10.

58/2026 - ORIENTERING OM FRAMDRIFT FOR OMRÅDEPLAN FOR STRANDVIK

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan-, bygg og miljøutvalet tar ny framdriftsplan for områdeplan for Strandvik til orientering.

Behandling og vedtak i sak 58/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 59/2026

Konstituert plansjef Kaisa Tonheim Banne orienterte.

Møtet blei midlertidig heva for gruppemøte klokka 11.15.

Møtet blei sett att klokka 11.28.

Møtet blei midlertidig heva for lunsj klokka 11.30.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Plan-, bygg og miljøutvalet tar ny framdriftsplan for områdeplan for Strandvik til orientering.

59/2026 - ORIENTERING OM OPPSTART AV PLANVASK AV REGULERINGSPLANAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Formannskapet tar prosjekt- og framdriftsplan for planvask til orientering.

Behandling og vedtak i sak 59/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Saka blei behandla etter sak 56/2026.

Rådgivar Sara Brattfjell Heggland frå Planavdelinga orienterte.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Formannskapet tar prosjekt- og framdriftsplan for planvask til orientering.

60/2026 - ALDALEN AKVAKULTUROMRÅDE - BEHANDLING AV KLAGER OVER VEDTAK OM GODKJENNING AV DETALJREGULERINGSPLAN

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Plan- bygg- og miljøutvalet finn ikkje grunn til å ta til følge klager over Bjørnafjorden kommunestyre sitt vedtak den 18.12.2025, sak 127/2025 om godkjenning av detaljreguleringsplan for Aldalen akvakulturområde.

Utvalet meiner det ikkje har kome fram nye relevante opplysningar i klagene, og dei forhold som er tatt opp er tilstrekkeleg opplyst og vurdert ved kommunestyret si godkjenning av planen.

2. Klage over vedtak om avvisning av klage frå Cathrine Sivertsen og Anna Lina Toverud blir ikkje tatt til følge, då desse blir vurdert å ikkje ha rettsleg klageintereses i høve planvedtaket.

Klagene blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33, 4. ledd.

Behandling og vedtak i sak 60/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Møtet blei sett etter pause klokka 13.48.

Saka bei behandla etter sak 57/2026.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Plan- bygg- og miljøutvalet finn ikkje grunn til å ta til følge klager over Bjørnafjorden kommunestyre sitt vedtak den 18.12.2025, sak 127/2025 om godkjenning av detaljreguleringsplan for Aldalen akvakulturområde.

Utvalet meiner det ikkje har kome fram nye relevante opplysningar i klagene, og dei forhold som er tatt opp er tilstrekkeleg opplyst og vurdert ved kommunestyret si godkjenning av planen.

2. Klage over vedtak om avvisning av klage frå Cathrine Sivertsen og Anna Lina Toverud blir ikkje tatt til følge, då desse blir vurdert å ikkje ha rettsleg klageintereses i høve planvedtaket.

Klagene blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd, jf. plan- og bygningslova § 1-9 og forvaltningslova § 33, 4. ledd.

61/2026 - NY FORSKRIFT OM OPNING AV JAKT OG MINSTEAREAL SOM GRUNNLAG FOR FELLINGSTILLATINGAR PÅ HJORT, SAMT FELLINGSavgIFT FOR HJORT I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Plan-, bygg- og miljøutvalet vedtek forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatingar på hjort, samt fellingsavgift for hjort i Bjørnafjorden kommune slik han ligg føre i saka. Vedtaket gjeld frå 01.07.2026 og er heimla i Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (Viltressurslova som trør i kraft 01.07.2026) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd, og Forskrift om forvaltning av hjortevilt (Hjorteviltforskrifta) §§ 5 og 6.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre tekniske/redaksjonelle justeringar i dokumentet (t.d. oppdatering av dato), så lenge endringane ikkje endrar hovudinnhaldet.

Behandling og vedtak i sak 61/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahun, Fremskrittspartiet

61/2026 Ny forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatingar på hjort, samt fellingsavgift for hjort i Bjørnafjorden kommune

1. Plan-, bygg- og miljøutvalet vedtek forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatingar på hjort, samt fellingsavgift for hjort i Bjørnafjorden kommune slik han ligg føre i saka. Vedtaket gjeld frå den er kunngjort og er heimla i Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (Viltressurslova som trør i kraft 01.07.2026) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd, og Forskrift om forvaltning av hjortevilt (Hjorteviltforskrifta) §§ 5 og 6.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre tekniske/redaksjonelle justeringar i dokumentet (t.d. oppdatering av dato), så lenge endringane ikkje endrar hovudinnhaldet.

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk ingen stemmer, og fall.

Alternativt forslag fremma av Gustav Bahus, FrP, blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

1. Plan-, bygg- og miljøutvalet vedtek forskrift om opning av jakt og minsteareal som grunnlag for fellingstillatingar på hjort, samt fellingsavgift for hjort i Bjørnafjorden kommune slik han ligg føre i saka. Vedtaket gjeld frå den er kunngjort og er heimla i Lov om jakt, fangst og felling av vilt mv. (Viltressurslova som trør i kraft 01.07.2026) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd, og Forskrift om forvaltning av hjortevilt (Hjorteviltforskrifta) §§ 5 og 6.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre tekniske/redaksjonelle justeringar i dokumentet (t.d. oppdatering av dato), så lenge endringane ikkje endrar hovudinnhaldet.

62/2026 - HANDSAMING AV SØKNAD OM TILSKOT FRÅ DET KOMMUNALE VILTFONDET TIL STØTTE FOR GJENNOMFØRING AV PROSJEKTET «KAN TERMISKE DRONAR GJE OSS BESTANDSSTRUKTUR OG TETTLEIKFOR RÅDYR OG HJORT?»

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Plan-, bygg- og miljøutvalget løyver kr 30 000 frå det kommunale viltfondet til prosjektet «Kan termiske dronar gje oss bestandsstruktur og tettleik for rådyr og hjort?». Vedtaket har heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, § 5.
2. Løyvinga er knytt til gjennomføring av felles fagkveld for Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger, samt éin dag med vårteljing med drone i Bjørnafjorden kommune.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å velje ut område for gjennomføring av vårteljing med drone.

Behandling og vedtak i sak 62/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 7 stemmer (2 FrP [Ole Viggo Skaathun og Thrude Scheie Mellingen], 2 H, 1 Ap, 1 Sp, 1 MDG) mot 2 stemmer (1 KrF, 1 FrP [Gustav Bahus]), og blei vedtatt.

Vedtak:

1. Plan-, bygg- og miljøutvalget løyver kr 30 000 frå det kommunale viltfondet til prosjektet «Kan termiske dronar gje oss bestandsstruktur og tettleik for rådyr og hjort?». Vedtaket har heimel i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort, § 5.
2. Løyvinga er knytt til gjennomføring av felles fagkveld for Bjørnafjorden, Tysnes og Samnanger, samt éin dag med vårteljing med drone i Bjørnafjorden kommune.
3. Kommunedirektøren får fullmakt til å velje ut område for gjennomføring av vårteljing med drone.

63/2026 - BEHANDLING AV KLAGE - 25/23847 44/478 - HALHJEMSMARKA 229 - NYBYGG EINEBUSTAD

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om dispensasjon frå reguleringsplan for Halhjemsmarka 2, og løyve i eitt trinn for oppføring av einebustad, på gbnr. 44/478, som omsøkt. Vedtak i plan-, bygg-, og miljøutvalet, sak 42/2026 av 22.04.26.

Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner at dispensasjonane og saka var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane som utvalet gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for behandling.

Bjørnafjorden, den 01.06.2026

Arild McClellan Steine
Kommunedirektør

Behandling og vedtak i sak 63/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 6 stemmer (3 FrP, 2 H, 1 KrF) mot 3 stemmer (1 Ap, 1 Sp, 1 MDG), og blei vedtatt.

Vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om dispensasjon frå reguleringsplan for Halhjemsmarka 2, og løyve i eitt trinn for oppføring av einebustad, på gbnr. 44/478, som omsøkt. Vedtak i plan-, bygg-, og miljøutvalet, sak 42/2026 av 22.04.26.

Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner at dispensasjonane og saka var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane som utvalet gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for behandling.

Bjørnafjorden, den 01.06.2026

64/2026 - BEHANDLING AV KLAGE - 26/6 - LØNNEVÅGVEGEN 110 - RIVING AV FRITIDSBUSTAD OG NYBYGG EINEBUSTAD

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om dispensasjon frå LNF for riving av fritidsbustad og oppføring av ny einebustad på eigedom gbnr. 26/6, vedtak datert 11.03.2026 sak 28/2026. Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjon var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane utvalet gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltar i Vestland for behandling.

Behandling og vedtak i sak 64/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 8 stemmer (3 FrP, 2 H, 1 KrF, 1 Ap, 1 Sp) mot 1 stemme (1 MDG), og blei vedtatt.

Møtet blei midlertidig heva for pause klokka 14.20.

Vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om dispensasjon frå LNF for riving av fritidsbustad og oppføring av ny einebustad på eigedom gbnr. 26/6, vedtak datert 11.03.2026 sak 28/2026. Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjon var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane utvalet gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltar i Vestland for behandling.

65/2026 - BEHANDLING AV KLAGE - 31/174 - LEPSØYVEGEN - NYBYGG EINEBUSTAD

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om å avvise søknad om nybygg einebustad på eigedom gbnr. 31/174, Lepsøyvegen, vedtak datert 05.03.2026 sak 25/16202. Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vedtaket er gjort på korrekt rettsleg grunnlag og at saka var tilstrekkeleg opplyst på vedtakstidspunktet. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane administrasjonen gjorde då saka vart avgjort.

Klagen blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg behandling.

Behandling og vedtak i sak 65/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahun, Fremskrittspartiet 65/2026 Behandling av klage - 31/174 - Lepsøyvegen - Nybygg einebustad

Plan- bygg- og miljøutvalet opphevar vedtak om å avvise søknad om nybygg einebustad på eigedom gbnr. 31/174, Lepsøyvegen, vedtak datert 05.03.2026 sak 25/16202. Klagen blir tatt til følge. Utvalet meiner tiltakshavar skal få utsett frist. Utvalet gjer tiltakshavar ny frist til 1/10 26 for å sende inn den manglande dokumentasjonen

Behandling:

Møtet blei sett att etter pause klokka 14.28.

Møtet blei midlertidig heva for gruppemøte klokka 14.46.

Møtet blei sett att klokka 14.52.

Votering:

Alternativt forslag frå Gustav Bahun, FrP, fekk 2 stemmer (2 FrP, [Gustav Bahun, Ole Viggo Skaathun]), og fall.

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 7 stemmer (2 H, 1 FrP [Thrude Scheie Mellingen], 1 KrF, 1 MDG, 1 Ap, 1 Sp), og blei vedtatt.

Vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar vedtak om å avvise søknad om nybygg einebustad på eigedom gbnr. 31/174, Lepsøyvegen, vedtak datert 05.03.2026 sak 25/16202. Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vedtaket er gjort på korrekt rettsleg grunnlag og at saka var tilstrekkeleg opplyst på vedtakstidspunktet. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane administrasjonen gjorde då saka vart avgjort.

Klagen blir sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg behandling.

66/2026 - BEHANDLING AV KLAGE - 54/626 - KOLSKOGHEIANE 3 - BRUKSENDRING FRÅ KONTOR TIL LEILEGHEITER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar avslag på søknad om dispensasjon frå KDPA for Bjørnafjorden Vest, KDPA for ny E39 og reguleringsplan for Kolskogen for bruksendring frå næring til bustad på eigedom gbnr. 54/626, vedtak datert 24.02.2026 delegasjonssak 102/2026. Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjon var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane administrasjonen gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltar i Vestland for behandling.

Behandling og vedtak i sak 66/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Framlegg til vedtak frå Gustav Bahun, Fremskrittspartiet Forslag - 66/2026 Behandling av klage - 54/626 - Kolskogheiane 3 - Bruksendring frå kontor til leileghei

Plan- bygg- og miljøutvalet omgjør avslag på søknad om og godkjenner dispensasjon fra KDPA for Bjørnafjorden Vest, KDPA for ny E39 og reguleringsplan for Kolskogen for bruksendring fra næring til bustad på eigedom gbnr. 54/626, vedtak datert 24.02.2026 delegasjonssak 102/2026, slik det er omsøkt. Klagen blir tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjon ikkje var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har kome fram nye opplysningar i som endrar dei vurderingane administrasjonen gjorde då saka blei behandla.

Utvalet ser at det er gitt fleire dispensasjoner i bandleggingsona, men denne delen av bygningsmassen vert ikkje råka. Arealet som er omsøkt var tidlegare leilighet og seinare omgjort til kontor. Eigar vil no ha arealt attende tik bustad.

Klagen blir sendt til Statsforvaltar i Vestland for behandling.

Behandling:

Møtet blei midlertidig heva for gruppemøte klokka 15.18.

Møtet blei sett att klokka 15.21.

Votering:

Alternativt forslag til vedtak fremma av Gustav Bahus, FrP, fekk 3 stemmer (3 FrP), og fall. Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 6 stemmer (2 H, 1 KrF, 1 MDG, 1 Ap, 1 Sp), og blei vedtatt.

Vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet stadfestar avslag på søknad om dispensasjon fra KDPA for Bjørnafjorden Vest, KDPA for ny E39 og reguleringsplan for Kolskogen for bruksendring fra næring til bustad på eigedom gbnr. 54/626, vedtak datert 24.02.2026 delegasjonssak 102/2026. Klagen blir ikkje tatt til følge.

Utvalet meiner vurderinga av dispensasjon var tilstrekkeleg opplyst og riktig vurdert. Det har ikkje kome fram nye opplysningar i klagen som endrar dei vurderingane administrasjonen gjorde då saka blei behandla.

Klagen blir sendt til Statsforvaltar i Vestland for behandling.

67/2026 - BEHANDLING AV KLAGE - VEDTAK ETTER FORENKLA PROSESS - BJØRNEVIK, HALHJEM, 45/28

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan-, bygg- og miljøutvalet tek ikkje klagen til følge.

Delegert vedtak (sak 331/2025) datert 07.01.2026 om endring av detaljregulering for Bjørnevik (gnr. 45, bnr. 28 m.fl., planID 20130300) blir oppretthalde.

Klagene fra Lara Maria Freire Romero og Sigrid Rostad blir sende til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg behandling, jf. forvaltningslova § 33 og plan- og bygningslova § 1-9.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.

Behandling og vedtak i sak 67/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Plan-, bygg- og miljøutvalet tek ikkje klagene til følge.

Delegert vedtak (sak 331/2025) datert 07.01.2026 om endring av detaljregulering for Bjørnevik (gnr. 45, bnr. 28 m.fl., planID 20130300) blir oppretthalde.

Klagene frå Lara Maria Freire Romero og Sigrid Rostad blir sende til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg behandling, jf. forvaltningslova § 33 og plan- og bygningslova § 1-9.

Grunngjevinga går fram av saksframlegget.

68/2026 - DELEGASJON AV MYNDE FOR KLAGEBEHANDLING - 63/548, HAUGSNESET 11B - NYBYGG EINEBUSTAD MED GARASJE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet delegerer mynde som underinstans, jf. fvl. § 33, for klage over rammeløyve datert 18.05.2026, delegasjonssak nr. 344/2026, til kommunedirektøren. Kommunedirektøren blir gitt mynde til å førebu saka og sende denne til klageinstansen.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 5-7 fjerde avsnitt.

Behandling og vedtak i sak 68/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Plan- bygg- og miljøutvalet delegerer mynde som underinstans, jf. fvl. § 33, for klage over rammeløyve datert 18.05.2026, delegasjonssak nr. 344/2026, til kommunedirektøren. Kommunedirektøren blir gitt mynde til å førebu saka og sende denne til klageinstansen.

Vedtaket er gjort med heimel i kommunelova § 5-7 fjerde avsnitt.

69/2026 - REFERATSAKER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

Behandling og vedtak i sak 69/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Eit einstemmig utval tok saka til orientering.

Vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

70/2026 - DELEGERTE SAKER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

Behandling og vedtak i sak 70/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Eit einstemmig utval tok saka til orientering.

Vedtak:

Utvalet tar saka til orientering.

71/2026 - POLITISK KVARTER

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Ingen vedtak i saka.

Behandling og vedtak i sak 71/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Det var ingen spørsmål i Politisk kvarter.

Vedtak:

Ingen vedtak i saka.

72/2026 - INNKOMNE INNSPEL ETTER HØYRING

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Tiltaka vert innarbeid og prioritert etter same kriterier som i eksisterende tiltaksplan

Behandling og vedtak i sak 72/2026, PLAN-, BYGG- OG MILJØUTVALET 24.06.2026

Behandling:

Møtet blei sett etter lunsj klokka 12.03.

Saka blei behandla etter sak 58/2026.

Regionleiar Knut Olav Nestås i Trygg Trafikk Vestland orienterte om trafikksikringsarbeid generelt og i Bjørnafjorden spesielt.

Leiar Samferdsel Agnete Haugland orienterte om innspelt til Trafikksikringsplanen sin handlingsdel.

Votering:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak blei einstemmig vedtatt.

Vedtak:

Tiltaka vert innarbeid og prioritert etter same kriterier som i eksisterende tiltaksplan

